

Bøkkerverkstaden er ein særprega plass for arrangement av ymse slag og eigar Hallvard Rød opnar laurdag kanskje for ein ny tradisjon: Visekveldar!

Han inviterer vener og veners vener til å møta trubaduren Per Vidar Staff, (biletet) som er frå Kristiansund men bur i Bergen.

Han har ikkje berre turnert i Noreg, men også vore på rundtur i USA og han har hatt eit godt samarbeid med artistar som Emmerhoff & The Melancholy Baby og LINK.

Under konsertane til Staff er det gjerne ein høg allsangfaktor og dei som er glade i å syngja er ikkje minst velkome til Bøkkeren på laurdag..

Her kjem dei beste slagerane frå 1980-talet til å stå i kø!